

Debatt: Er sosialrealismens gullalder den norske litteraturens evige mørketid?

Bruduljen om Bazarov



KOMMENTAR

EIVIND MYKLEBUST

Nasjonallibroteket har som kjent blitt litteraturhus, og i haust har arrangementa gått på rekkje og rad. I ein serie om litteraturkritikkens historie har omstridde verk som «Albertine» og «Amtmandens døtre» blitt diskutert med kritikken som ramme. Førre veke blei serien avrunda, då Kaja Schjerven Mollerin, Bernhard Ellefsen og Jahn Hølljen Thon samtala om boka som skapte den største litteraturkritiske bruduljen i vår nære fortid: Kaj Skagens «Bazarovs barn» (1983).

I boka held Skagen dommedag, ikkje over seg sjølv, men over den politiske litteraturen på 70-talet og dåtidas rådande litteratur- og menneskesyn. «Det går en dødning gjennom Europa», opnar han etter ein kort «prolog i prosa», og resten av boka radbrekker han bøkene til ei rekkje prominente 70-talsforfatarar, som Espen Haavardsholm, Liv Kølitzow og Knut Faldbakken. Sistnemnde blir beint fram maltraktert i kapittelet «Bøddel i busserull». Inn i mellom eldsprutinga fører Skagen sokratiske dialogar med tittelpersonen Bazarov, Ivan Turgenevs romanaropponert frå «Fedrar og søner» (1862), og leverer kulturkonservative utladningar med okkulte overtonar.

Då Handke-debatten var på sitt hissigaste, kunne intensite- minne om Bazarovs debatten, innleia Mollerin på Nasjonalbibloteket. Hans Fredrik Dahl skulda tidleg Skagen for å køyre «brune spor», og Skagen svara med ein trugsel om å gå til retten, trass i at han knapt var uskuldig verken i hitling eller staling sjølv. I debatten dukka slike skuldingar opp med høg frekvens, om ikkje alltid på høgt sakleg nivå. Det gjekk knapt ei veke før Bergens Tidende trykte ei «skjellsordliste for den vidare 'debatt'». I løpet av to veker var det trykt over 70 innlegg.

Høg temperatur er som kjent eit symptom på sjukdom, og seier noko om den febrile tilstanden i tida. Men temperatur er også eit teikn på at noko står på spel, og det heile kjem an på om den som fører flamme til bålet set fyr på eit emne eller brenn inne i



HØG TEMPERATUR: Kaj Skagen, her fotografert i 1994.

FOTO: BJØRN V. SANDNESS, SCANPIX

sitt eige sinne. I bruduljen om Bazarov var begge deler tilfelle.

Det var både steile motsetningar og stive sjølvmotseiingar. I eit intervju med Aftenposten protesterte Skagen på å bli framstilt som dommar, og meinte han var meir som ein aktor. I neste vending kom det likevel fram at Skagen ikkje berre rekna seg som aktor, men også som slaktar: «Folk som har oppalet hellige kyr gjennom ti år, må reagere når jeg slakter hele bølingen». Kan vi kalle han ein 'slaktor'?

Skagen meinte at AKP-forfatarane hadde herska og herja for lenge i den litterære offentlegheita, og skjellsorda var eit middel til å trengje gjennom. Målet var å vise at sosialrealistane var fanga i «tekno-kapitalismens» lenker, og at den kompromisslaue materialismen deira heldt i hevd eit nihilistisk menneskesyn som undergrov både personlege og politiske fridomsprosjekt. Oppgjeret handla om verdiar – estetiske verdiar, men også moralske.

I samtalen på Nasjonalbibloteket antyda Bernhard Ellefsen at Skagen på sett og vis har vunne. Om ein fjernar skjellsorda, er boka overraskande lite kontroversiell, meinte han. Skagens litteratursyn er med andre ord vårt litteratursyn, noko som

kanskje kan illustrerast med at den same avisa som den gong avskreiv det heile som «ronkeklubben norsk litteraturdebatt», gav Skagen kulturprisen i 2015. Det gjeld då avisa du les i no, som Skagen sist helg skreiv om i ein artikkelserie om norsk avisflora i Dag og Tid. Der var han full av lovord for kulturavisa Klassekampen, men verka beint fram brydd av det

journalistiske fotarbeidet i avisa, som tilsynelatande berre handlar om pengar og materielle ting. For ei skjønand er det openbert hardt å leve med «den høglydte

klangen frå pumper, hammar og sigd frå maskinromma akterut», der han sjølv sit i bibliotekbaren med bok- og musikkmagasin i hand. Det er nesten så ein kjenner seg kalla til å tale om «basis» og «overbygning» igjen.

I dagens litterære landskap har i alle fall Skagens syn på 70-talslitteraturen etablert seg som norm. Sosialrealismens gullalder framstår som norsk litteraturs mørketid, og bøkene verkar programmatisk og sjellause – «Har kommunister sjel?» spurde Skagen i boka. I våre dagar er det individet og familien som kører midtfila i samtidslitteraturen; kollektiv og klasse har dotte av lasset. Sjølv dei gamle marxistane driv med utstrekkt sjølv-, sjele- eller slektsgransking, og det er ofte både fint og flott, men

kanskje ikkje noko vi treng å slå oss heilt til ro med?

Det er i alle fall nokre ting eg ikkje klarer å slå meg til ro med. Skagens vurderingar er for så vidt forunderleg framsynte, særleg når det gjeld den eksistensielle vendinga i Solstads forfattarskap, som Skagen openbert har sans for, men han såg også kven som kom til å stå seg og ikkje blant dei mannlige 70-talsforfatarane: Solstad, Fløgstad og Hoem var boded hans. Få vil skuve dei ned frå pallen til fordel for Obrestad, Faldbakken og Haavardsholm.

Kvalitetane i «kvinnelitteraturen» såg han derimot ikkje. Utan blikk for kvinners politiske og eksistensielle vilkår, men full av forakt for dei som sette ord på dei, gauv han laus på Tove Nilssen og Liv Kølitzow – «en Stalin som aldri kom seg ut av huset, en privatlivets og sjelens Robespierre» – som berre skreiv om bortskjemde byfjols: «Hun hadde ryddet! Gud hjelpe oss. Og vært på butikken! Hva må ikke et menneske gjennomgå under kapitalismen?», harselerer han. Livet er hardt for alle, på tvers av klasse og kjønn, hevda Skagen, og det å drøyme om eit betre liv, for seg sjølv eller for andre, sprang tydelegvis ut av livshat: «All utopi oppstår av livshat», skreiv han.

«Utopi kan vel tvert om vera eit livsvilkår», innvende Jostein Krokvik i Dag og Tid. Han meinte at Skagen hadde lese Turgenevs roman litt på vranga, og at sjølve tittelper-

sonen såleis var misforstått i boka. Sjølv såg han Bazarov som «eit barn av opplysnings-tida, ein stridsmann mot toskeskap, snobbeferd og urett i samfunnet, ein talsmann for det sunne vitet som ikkje vil bøya seg for meir enn han kan godta med forstanden».

På Nasjonalbibloteket drog Ellefsen det endå lengre, og hevda at lesinga av «Fedrar og søner» er den svakaste i Skagens bok. Noko sant er det i desse innvendingane. Skagen ribbar Bazarov for individualitet, og framstiller han som ein menneskefiendtleg nihilist: «Veien fra Bazarov til Hitler og Hiroshima er asfaltert, snorrett og rask».

For Bazarovs barnebarn kan det vere ei oppgåve å gløtte etter dei gode sidene hos både Bazarov og barna hans, utan å trø dei same feilstega. I «Stå i breidd» (2014) har Ebba Witt-Brattström lese den svenske 70-talslitteraturen på ny, og funne at tiåret ikkje berre var flatt og føreseieleg, men tidvis også innovativt i spennet mellom litteratur, politikk og liv. Kan det tenkjast at nylesingar av den iherdig utskjelte norske sosialrealismen vil avdekkje noko liknande – at den inneheld gøymde eller gløymde kvalitetar, som både bryt med (post)modernismeideologien – som fortrengde det meste anna utover på 80-talet – og med det litteratursynet Skagen stod for i 1983, som synest meir hevdvunne i dag?

bokmagasinet@klassekampen.no